



Gjerdet som Ove Stokka er meister for, er 67 meter langt.

Trekunstnaren Ove Stokka har tidlegare hatt fleire prosjekt som har pynta opp i bygda vår. Siste tida har han arbeidd med eit spennande gjerde mellom Spar og eigedomen til Reidar Myklebust. No nærmar han seg slutten, og mange er spente på det endelege resultatet. Det vert heilt sikkert flott.

Ove Stokka har vore meister for den flotte informasjonshytta ved gamleskulen, grillhytta på skulen samt inventaret i Dønhaugkjedlaren og Rabbahuset for å nemna noko. Han har ein særprega stil som verkeleg gjer seg godt på prosjekta han har arbeidd med.

Sjølv om Stokka nok er mest kjend som trekunstnaren, er han allsidig. Han er og ein meister i andre materiale; - mellom anna har han laga mykje fint i stein.

Stokka fortel at gjerdet han jobbar med no er heile 67 meter langt, og no nærmar det seg at det er ferdig. Han har god tru på at han skal vera i mål på førstkommande fredag.

Gjerdet vil heilt sikkert pynta opp, og stilen vil passa godt inn med dei andre verka hans i nærleiken; - Rabbahuset og informasjonshytta.

Av: Thor Inge Døssland.



Ove Stokka i arbeid med stikksaga.